



Hordaland Grunneigar og sjølaksefiskarlag

Stamnes 28.10.21

NVE-Energi og konsesjonsavdelinga,  
Postboks 5091 Majorstua,  
0301 Oslo.

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

### **Innspel til vilkårsrevisjon for vassdragsreguleringane knytta til Evanger kraftverk, samt liknande påverknadar for heile Vossavassdraget.**

Vossalaksen er kjend for å vera ein av verdas flottaste atlantisk laks, både utsjånad og størrelse er heilt unik. Mange grunneigarar og andre næringar hadde sitt arbeid og store delar av inntekta knytta til laksen. Også sjøauren har hatt ei stor og god stamme i vassdraget. Denne var stamma var så stor at enkelte år med lite laks kunne aurefiske redde inntekta til fiskaren.

Tilbakegangen av laks og sjøaure stammene starta gradvis på 1960 talet og viste seg meir og meir på 1980 talet. Det er utan tvil menneskeskapte påverknadar som har medført vanskelege levevilkår for fisken. Dette gjeld heilt frå egg til den kjem att frå fjorden & havet.

Hordaland grunneigar og sjølaksefiskarlag og elveigarlaga har mista sine inntekter og mista mykje av livgrunnlaget når laksen forsvann. Sjøfiske vart stengt i 1991 og med 30 års stopp er kunnskapen og redskapane i ferd med å forsvinna. Det medfører store konsekvensar for busetnad og verdi av bruka. Her har det ikkje vore snakk om noko form for erstatning av dette. Det burde vera muleg å ha gode laksestammer også i år 2000, som kan beskattast av alle rettighetshavarar. Spesielt no når ein har utført så mykje forskning og har så god kunnskap om denne fisken.

**Det er utan tvil store utbyggingar som har medført nedgangen i lakse og sjøaurestammene.**

**Her vil ein liste opp viktige grunnar som ein meiner har gjort dette:**

- Det starta med at Torfinno vart overført til Dalevassdraget i 1932. Her tok ein ei stor elv som naturleg kom ut i Vosso nedanfor Vangsvatnet. Det er ikkje minstevassføring i denne elva. Kan dette vatnet ha vore viktig for laksen og smolt produksjonen i elva ? Den kom ut høgt oppe i vassdraget. Ifølge eldre fiskarar er det stor forskjell på fiske før og etter at denne elva vart borte. Den har og hatt stor påvekrnad på vassføring og straumforhold i vassdraget og fjordande ( det er oppsummert i eige punkt )
- Volavatnet og Teigdalsvassdraget vart ført inn til Evanger kraftstasjon i 1969. Her var den største delen av sjøaurestamma produsert. Teigdalselva har ikkje minstevassføring og det har vore ein katastrofe for sjøauren som bortimot er totalt utrydda iforhold til før.
- Grøndalsvassdraget vart overført til Evanger i 1973. Dette vart vatn frå eit heilt område som naturleg ikkje rann ut i Vosso. Dette vatnet rann ut i Ekso og Eidsfjorden. Med denne utbygginga overførte ein vatn får heilt andre fjellområder enn før. Dette hadde store konsekvensar for Ekso laksestamma og i Vosso, samt fjordane rundt fekk anna vassstilførsel og straumar. Under utbygginga her, må det nevast at ein i to år såg farge på vatnet i elvane og i fjorden. Det var så mykje stein støv at ein ikkje såg meir enn 10 cm ned i sjøen. Sjøfiskarane fekk i den samanheng litt erstatning for tapt fiske inneteft hjå BKK. Men kva konsekvensar alt støvet av knust stein hadde for laksen kan ein berre tenkja seg. Både laksen og fiskaren fekk seg ein god knekk her i desse åra.
- Akjeldalsvatnet vart overført til Evanger i 1977 og vidare utbygging av tilhøyrande vassdrag, elvar, bekkar, Holskarvatn, Skjerjevatn fram til 1988. Her overfører ein vatn via tunnellar til Akjeldalsvatn, har pumpekraftverk med tilbakepumping av vatn til Holskar, for jevnare drift og betre utnytting av vatnet til Evanger kraftstasjon. Drift blir optimalisert med hensyn på pris og best utnytting av vatnet med mest mogleg inntjening. Utan hensyn til at ein blandar vatn frå store områder, fleire kommunar, forskjellige temperaturar, forskjellig kvalitet og slepper dette ut i Vosso. Dette har enorme påvekrnadar for fisken i elva og i fjordsystema rundt Osterøy. Her kan ein nevne temperaturen i vassdraget er heilt forandra, den er kald om sommaren og varm om vinteren. Det legg seg ikkje is på elvane som før, noko som medfører mindre sjul for fisken. Lakseungane må vera eit år ekstra i elva før det blir smoltifisert pga dårleg vekst i låg temperatur. Eit år ekstra med fare for å bli eten, og påverka av sjukdom og skadar. Storlaks som har gytt kom naturleg ut om våren på veg i havet. Denne laksen går ut på ei heila anna tid no, enn før når det låg is på elva/fjorden. I samanheng med at ein overfører vatn frå Modalselva vil dette også ha negativ konsekvens for vasskvaliteten, for Modalselva har hatt så dårleg kvalitet at laksestamma daua ut på 1960 talet. No ser me samme tendens i Bolstadelva også.

- Mange småkraftverk som er bygt ut i etterkant og heilt fram til idag i elvar som naturleg renn ut i Vosso. Dei vil også kunne påverke straum og temperatur forhold i hovudvassdraget, samt at mange av desse elvane er oppvekstplassar for laks og sjøaure.
- Flaumsenking av vatn i vassdraget har store konsekvensar for oppvekstvilkåra og smolt utgang i vassdraget. Dette har me sett heilt heilt sidan eit av dei øvste vatna vart senka. Myrkdalvatnet vart senka i 1986 og seinar Vangsvatnet i 1991. Under arbeidet med senkinga vart alva tørrlagt og fleire årskull med rogn og fisk daua. Endå verre her er at senkinga av desse to vatna har påverka vassdraget mykje meir enn nokon har tenkt over. Når det er flaum i elvane er ikkje desse to vatna med på å halde att litt på mengda som før, dette medfører storflaum nedover i elva. Spesielt på Evanger, men også heilt ut i fjorden merkar ein dette. Før vara flaumane mykje lengre, gjerne veker, mens dei no kjem som ein foss nedover og gir flaum toppar som gjer skadar og påverkar elva. Spesielt for smolten har dette mykje å sei når den skal ut i havet.
- Utløpet til Evanger Kraftverk har stor påverkand på fisken i Evanger Vatnet. Smolten som kjem frå øvre del av vassdraget møter her kaldt vatn, vatn som er tappa frå botnen av fjellvatna, godt blanda frå andre distrikt, og ofte gassovermetta. Smolten kjem inn i ei attebera som gjer at den brukar alt for lang tid før den kjem seg vidare. Den vert då stressa, blir eten av fugl, større fisk og andre dyr.
- Alle påverknadar som er utført i vassdraga tilknytta Osterfjord systemet har hatt stor innvirkning på elvane, fjordsystema og heile økosystemet. Det var mange kritiske røyser til all utbygginga før, og dei kunne nok idag sagt, kva var det me sa. For det er svært synlege forandringar som er sjedd. Det er meir jevn straum heile året. Ved flaum vert straumen raskt striare og sig raskt nedatt. Forandringane har medført stor forskjell på innsig av laks & sjøaure til Bolstadstraumen og Vosso. Saltvassfisken i Bolstadfjorden og Vikafjorden er omtrent borte, her vart det tidlagare noko som ein kalla flåtefisk. Dette fenomenet er borte når straumen ikkje er som før. Tang og tare og floraen i flobelte er forandra.

- Bolstadjorden og fjordane rundt Osterøy er såkalla terskel fjordar. Dei må ha sterke straumar for å få nok utskifting av vatn. Heile dette systemet er påverka og har gitt negative konsekvensar for vasskvalitet, fisk som lever her, og sjølv sagt mattilgangen. Det har medført auka fare for lakselus frå oppdrett som ligg i fjordane.
- Fjordane har fått negative konsekvensar at dei frys lettare ved kulkdegrader pga jevn tilkomst av ferskvatn gjennom vinteren, men samstundes ekstra tilførsel av vatn slik at isen ikkje er berande. Det medfører lengre tider med «meinis» enn før. Samla blir dette negativt for eigedommane som får meir is om vinteren med mindre tilgang for næring i sjø. Alle båtar og brygger må på land.
- Det har vore så store påverknadar av vatnet i fjordsystema at ein fiskesort er forsvunne heilt iforhold til før. Og det er brisling. Den var svært viktig for mattilgangen for mange fiskesortar, og gjerne sjøauren. Men når den er borte og makrell har overtatt, vil alle desse fiskesortane, samt fugl og dyr, finne andre næringsgrunnlag og ete på smolten som kjem ut i fjorden. For folket langs fjorden er også ei stor næring som brisling fiske borte når fisken er daua ut. Det har sjedd pga temperaturforskjell og forandring av vanntype i fjorden som brislingen ikkje kunne leva i.

**Hordaland Grunneigar og sjølaksefiakarlag har desse forslaga og vilkåra som må til no for å redde samfunnet og miljøet for laks & sjøaure i distriktet.**

- Konsekvensutgreiing for påverknad all vasskraft utbygging har for elvane og fjordane heilt ut til Nordhordaland brua. Kvar er den?
- Vatn som er overført frå sitt naturlege fall til Modalen MÅ tilbakeførast og nyttast der.
- Vatn som er overført frå Eksingedalen MÅ til ei viss grad tilbakeførast til sitt naturlege utløp i Eidsfjorden.
- Teigdalselva MÅ få minstevassføring
- Torfinno Må få Minstevassføring
- Oppbygging av gytefelt, groper må forsetje i Vosso, Bolstadelva
- Evanger Kraftverk må redusera vassmengde ut til Evanger Vatn når smolten skal ut i fjorden. Her er det svært høg dødleghet på smolt i frå øvste del av elva.
- Det må mykje meir forskning til på gassovermetting av vatnet. Her må alarmsystem inn som hidrar dette FØR det skjer. Alle bekke inntak må få særskild merksemd, det er her det kan komma luftmegder inn, om mogleg stenge desse.
- Inntak av vatn må skje på anna nivå i vatna, slik at temperaturen vert meir naturleg i Bolstad elva.
- Voss klekkeri må driftast vidare og om mogleg utvidast. Her må det setjast inn meir til drift og slepp av laks i forskjellige staidar. Klekkeriet må utvidast til å produsere sjøraure også. Drifta må aukast og økonomisk støtte frå kraftindustrien må kunne være stor nok til at drift er sikra så lenge det er behov. NB det har vore drift av klekkeri og kultivering av vassdraget sidan før andre verdenskrig. Her har alle bidratt slik at stammene var gode og det var eit stort haustbart overskot.

- I tillegg til overnevnte er det mange andre påverknadar som er negativt for fisken i vassdraget. Dette er spesielt vegutbygging, bekkar som blir lagt i røyr, utslepp etc.
- Ein må også i slike samanhengar lytte til erfarne fiskarar og grunneigarar, og ikkje berre på forskarar eller enkeltpersonar i fylkje og direktorat. Forskarar gir dei resultata og rapportane som dei blir bedt om å laga. Dei må eller brukar utrykk som, «kan ha påverknad», «stor sannsynlegheit», «unormal høy dølgheit», «ein kan ikkje utelukke», «ikkje nok forskningsmateriale», «ikke lenger en trussel», «med forbehold». Slike begrep er mykje nytta og seier lite om den verkelege tilstanden. Men det som er heilt sikkert er at vossalaksen er i ferd med å døy ut. Dette begynte siste 3-tiår medan kraftutbygginga, flaumsenkinga med vegutbygging pågjekk. Det einaste som har gitt gode resultat etter at dette sjettede er å slepe ut kultivert smolt. Utan tvil er det overnevnte som har gjort at det for liten produksjon av smolt i elva, og den som søm ut har ikkje dei rette straumane og døyr før den passerar Nordhordalandsbrua. Intill ein får gjort noko med dette MÅ produsjon av rogn, yngel og smolt forsetje med fullfinansiering frå kraftverksindustrien.

Utan kraftige tiltak for å betre forholda til laksen & sjøauren i vassdraga vil ein ikkje få stammene opp på eit nivå med haustbart overskot. Her må ein velga mellom full utbygging og drift i elvane som øydelegg for denne flotte fisken, og tek bort livsgrunnlaget for rettighetshavarane til elv og sjø. Her er det store erstatningsgunnlag, men fyrst og fremst vil alle at laksen kjem att. Så ein kan heller velga å sjå på dette i ein stor samanheng og leggja inn vilkår som betrar forholda til fisken, slik at begge delar kan driftast inn i framtida. Også med sluk i elva og not i sjøen.

Stiftelsen Voss Klekkeri der HGSL er ein part av har også utarbeida eit grundig dokument med mange merknadar til vidare vilkår for drift av kraftverka tilknytt Vosso vassdraget. Hordaland Grunneigar og sjølaksefiskarlag gir vår fulle støtte til dette innspelet. Me har hatt godt samarbeid gjennom mange år og ynskjer i felleskap å redde Vosso. Saman med BKK kan me klara dette. Ved denne revisjonen må det komma fram tiltak som virkar, det som har vore utført til no er har ikkje fått stamma opp på eit bærekraftig nivå.

Mvh

Geir Magne Gammersvik

Leiar Hordaland Grunneigar og Sjølaksefiskarlag



Vossalaks teken med not på Stamnes iforbindelse med prøvefiske



Laksenota Skolmen, Vikafjorden, Stamnes.

